



HARDANGER
MUSIKKFEST

Årsmelding 2015 Stiftinga Hardanger Musikkfest

01.01.1999 vart stiftinga Hardanger Musikkfest formelt etablert. Stiftingskapitalen var oppretta med kr 100.000,-.

Stiftelsen Hardanger Musikkfest er en alminnelig stiftelse, med formål å arrangere en årlig musikkfest i Hardanger.

Styret i 2015

Styreleiar

Einar Steensnæs	til mai 2015
Odd Gullberg	frå mai 2015

Styremedlemer:

Solfrid Borge	
Karianne Westfal-Larsen	
Toralv Mikkelsen	
Tone Tveito Eidnes	
Ragna Sofie Grung Moe	frå mai 2015
Fredrik Opedal	frå mai 2015

Observatør til Styret:
Edmund H. Utne

Kunstnarisk leiar:

Therese Birkelund Ulvo
Tora Augestad

Administrativ leiar:

Alf Magnus Reistad

Konsulent:

Marianne Lutro Ystanes – adm. økonomi



Vedtak / hendingar

Det har vore 6 styremøte i 2015: 09.02. 09.05. 23.05. 23.06. 10.09. og 22.11.

I tillegg har dagleg leiar hatt jamnleg kontakt med styreleiar og kunstnarisk leiarar.

Rekneskap 2015

Rekneskapen viser eit underskot på kr 489.920,-

Gjennomføring av musikkfesten 2015

Besøkstalet var 2318 besøkande (herav 687 bill. til sponsorar, fribillettar og uttak av billettar på pass).

Kunstnarleg vart Musikkfesten eit svært vellukka arrangement, med mange gode skussmål frå både lokale og tilreisande publikum, og frå alle festivalens utøvarar.

I alt avvikla me 35 konsertar/arrangement. Dei fleste konsertane på Lofthus, men me hadde òg konsertar i Tyssedal, Odda, Eidfjord.

Samarbeid med andre

Det er ei stor utfordring å skaffa nok midlar til gjennomføring av eit så stort kulturtiltak.

HMF fekk fylgjande tilskot i 2015:

Offentlege tilskot:

Frå Ullensvang herad fekk me kr 100.000,-, Odda kommune kr 50.000,-, Eidfjord kommune kr 79.600,-, Hordaland fylkeskommune kr 222.000,- og frå Norsk Kulturråd kr 350.000,-.

I tillegg fekk Hardanger Musikkfest støtte til tingsingsverk frå Norsk kulturråd kr 40.000,-.

Private Sponsorar:

Sponsormidlar frå private bedrifter utgjorde kr 340.000,-.

Sponsorane var Hardanger Energi A/S, Sparebanken Vest, Kavlifondet, Norwegian Hull Club, Gabler, J. Berstad Eigedom AS og Furestiftelsen.

I tillegg til Ullensvang herad, har Musikkfesten òg eit godt samarbeid med Odda kommune og Eidfjord kommune og me gjennomfører konsertar i Tyssedal, Odda og i Eidfjord.

Å arbeide med nye sponsorar er ei hovudoppgåve for festivalens styre og leiing.

I tillegg samarbeida musikkfesten med Escape travel og Hotel Ullensvang.

Planlegging av musikkfesten 2016


Therese Birkelund Ulvo og Tora Augestad har utarbeida eit program for 2016 som er vedteke av styret

Programmet for 2016 er føresett gjennomført innanfor budsjettet.


Kinsarvik den 23. februar 2016




Odd Gullberg
styreleiar




Solfrid Borge
styremedl.




Toralv Mikkelsen
styremedl.



Karianne Westfal-Larsen
styremedl.



Tone Tveito Eidnes
styremedl.



Ragna Sofie Grung Moe
styremedl.



Fredrik Opedal
styremedl.

